



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 37

(2002–2003)

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 135/2002 av 27. september 2002 om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA-EØS-statane i ei fellesskapsordning for sivil krisehandtering

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 29. november 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Bakgrunn

Avgjerd i EØS-komiteen nr. 135/2002 av 27. september 2002 gjeld innlemming i EØS-avtala av rådsvedtak av 23. oktober 2001 om skiping av ei fellesskapsordning for å styrkje samarbeidet om hjelpeaksjonar innan katastrofevernebuing (2001/792/EF, Euratom). Vedtaket endrar protokoll 31 i EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane, slik at samarbeidet vert utvida til å omfatte felles samordning av sivil krisehandtering.

Norsk deltaking i ordninga inneber plikt til å løyve midlar over fleire år. Då EØS-komiteen vedtok å ta avgjerda om ordninga inn i EØS-avtala, gav Noreg dei andre avtalepartane melding om at dei forfatningsrettslege krava måtte vere stetta i Noreg før avgjerda kunne verte bindande, jf. § 26 andre leddet i Grunnlova og artikkel 103 i EØS-avtala.

Fellesskapsordninga vil supplere fellesskaps-handlingsprogrammet for sivil vernebuing, og fell inn under den same styringskomiteen under Europakommisjonen som handlingsprogrammet. På denne måten vil fellesskapsordninga og handlingsprogrammet kunne utfylle kvarandre og samordnast. Noreg har teke del i fellesskapshandlingsprogrammet for sivil vernebuing sidan 1998, og skal òg ta del i den neste programperioden 2000–2004

(jf. St.prp. nr. 45 (1999–2000)). Norsk omsetjing av avgjerda i EØS-komiteen nr. 135/2002 av 27. september 2002 og rådsvedtak 2001/792/EF, Euratom av 23. oktober 2001 følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

2 Nærmare om fellesskapsordninga

2.1 Føremål

Intensjonen bak Europakommisjonens initiativ til skiping av fellesskapsordninga er å medverke til å sikre betre vern av menneske, miljø, eigedom og kulturelle verdiar i tilfelle naturlege, teknologiske, radiologiske og miljømessige kriser, og i tilfelle ureiningsulykker til havs, både innanfor og utanfor Den europeiske unionen. I lys av terroraksjonane hausten 2001 er arbeidet med gjennomføringa av fellesskapsordninga endå meir intensivert. Ordninga rører ikkje ved plikter under eksisterande relevant lovgjeving i EU eller andre internasjonale avtaler. Søkjarstatane til EU vil òg få høve til å ta del i ordninga.

Det overordna føremålet med fellesskapsordninga er at EU på førespurnad kan gje støtte ved ulike typar kriser, og dessutan leggje til rette for ei betre samordning av støttande operasjonar gjen-

nom medlemsstatane og Det europeiske fellesskapet. Ordninga vil leggje til rette for mobilisering av innsatsgrupper, ekspertar og andre ressursar gjennom ein styrkt struktur for sivil vernebuing, som m.a. er samansett av eit overvåkings- og informasjonssenter og eit felles krisekommunikasjons- og informasjonssystem. I tillegg vil ordninga gje betre høve til å samle informasjon om kriser og distribuere informasjon til medlemsstatane, og til å utveksle røymsler frå hjelpoperasjonar.

Gjennomføringa av ordninga skal evaluerast av Kommisjonen kvart tredje år frå ordninga tek til å gjelde, og konklusjonane skal, saman med eventuelle framlegg til endringar, leggjast fram for Europaparlamentet og Rådet.

2.2 Ansvar til medlemsstatane, jf. artikkel 3 i rådsvedtaket:

Dei statane som knyter seg til ordninga, pliktar til å identifisere, formidle og ajourføre oversikter over operative innsatsgrupper som kan sendast til eit kriseområde. Det vert òg lagt opp til at EU skal sende ut ekspertar som kan evaluere krisa og samordne den internasjonale hjelpa. Desse ekspertane må òg peikast ut frå deltakarstatane på førehand, slik at dei kan følgje opplæringsprogrammet til Kommisjonen. I tillegg vert Noreg bede om å identifisere, formidle og ajourføre oversikter over medisinske ressursar, og om å peike ut og informere Kommisjonen om eit nasjonalt kontaktpunkt.

2.3 Ansvar til Kommisjonen, jf. artikkel 4 i rådsvedtaket:

For å kunne gjennomføre fellesskapsordninga har òg Kommisjonen teke på seg ein del ansvar, etter som han pliktar seg til å skipe eit overvåkings- og informasjonssenter som er tilgjengeleg heile døgnet, og eit felles, sikkert kommunikasjons- og informasjonssystem. Dette vil gjere det mogleg snøgt å mobilisere og sende ut ekspertgrupper som kan vurdere kva hjelp som trengst, og samordne hjelpa. I tillegg vil Kommisjonen i samarbeid med nokre av medlemsstatane, setje i verk felles treningsprogram og øvingar. Kommisjonen vil òg ha ansvar for å samle og systematisere den naudsynte informasjonen om ressursane til medlemsstatane, og vil distribuere informasjon om kriser og om dei operasjonane som eventuelt vert sette i verk.

2.4 Varsling og assistanse, jf. artikkel 2 i rådsvedtaket:

Varsling om alvorlege kriser eller eit trugsmål om ei krise, skal helst skje gjennom kommunikasjons- og informasjonssystemet. Det er opp til den staten som står overfor ei krise, å be om støtte frå andre statar og frå Kommisjonen gjennom fellesskapsordninga. Dersom det kjem ei oppmoding om hjelp, skal Kommisjonen sende denne vidare til kontaktpunkta i dei andre medlemsstatane, leggje til rette for mobilisering av grupper, ekspertar og anna støtte til den kriseramma staten og samle inn stadfesta informasjon om krisen og distribuere dette til medlemsstatane.

3 Avgjerda i EØS-komiteen

Med sikte på deltakinga for EFTA-EØS-statane i fellesskapsordninga for sivil krisehandtering vedtok EØS-komiteen 27. september 2002 eit tillegg til protokoll 31 i EØS-avtala om samarbeid utanfor dei fire fridommene. Avgjerda viser til artikkel 86 og 98 i EØS-avtala som grunnlag for dei endringane som vert gjorde.

Artikkel 1 i avgjerda slår fast at rådsvedtak 2001/792/EF skal takast inn i artikkel 10 i protokoll 31 i EØS-avtala.

Artikkel 2 slår fast at avgjerda i EØS-komiteen skal gjelde frå 28. september 2002, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar frå alle partane i komiteen i medhald av artikkel 103 i avtala. Ho skal nyttast frå 1. januar 2003.

Artikkel 3 slår fast at avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

4 Vurdering

Norsk deltaking i fellesskapsordninga for sivil krisehandtering vil gje gode høve til å ta del i og utforme internasjonal vernebuing i tilfelle kriser. T.d. vil Direktoratet for sivilt beredskap (DSB) ha både personell og ressursar som kan gjerast tilgjengelege i slike operasjonar, jf. støttegruppene for internasjonal innsats. Dei omfattande opplæringsplanane vil kunne medverke til kompetanseheving innan krisehandtering for norske nasjonale ekspertar på dette feltet. EUs vilje til å skipe ei operativ ordning for betre samordning signaliserer auka fokus på kor viktig det er med sivil vernebuing, og det vil vere til føremon for Noreg å medverke til å styrkje dette feltet også internasjonalt.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 135/2002 av 27. september 2002 om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA-EØS-statane i ei fellesskapsordning for sivil krisehandtering

Deltaking i fellesskapsordninga vil vere i tråd med dei måla som ligg til grunn for samfunns-tryggingsarbeidet, jf. Innst. S. nr. 9 (2002–2003), jf. St.meld. nr. 17 (2001–2002) «Samfunnssikkerhet».

Under visse føresetnader vil òg fellesskapsordninga kunne vere eit reiskap for å støtte krisehandtering som fell innanfor avdeling V i EU-konvensjonen om EUs felles tryggings- og utanrikspolitik, jf. artikkel 12 i rådsvedtaket. Norsk deltaking i fellesskapsordninga kan òg gje høve til å kome nærmare arbeidet i ESDP (European Security and Defence Policy). Deltaking i fellesskapsordninga vil vere i samsvar med norske interesser og ha grunnlag i nasjonale prioriteringar.

5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Den totale budsjetttramma for fellesskapsordninga er på 3 mill. euro. EFTA-EØS-statane sin del av dette vil vere på om lag 64 000 euro, og Noreg sin del av dette vil igjen utgjere om lag 94 prosent. Dette utgjer for Noreg ei gjennomsnittleg årleg fordeling på om lag 500 000 kroner for deltaking i form av opplæringsprogram, øvingar, reiser og liknande i regi av Kommisjonen. Utgiftene vil bli dekte over budsjettet til Justisdepartementet, kap 451, post 01.

Utgiftene ved ei mogleg utsending av norske

ressursar/innsatsgrupper må òg dekkjast nasjonalt. Dekkinga av desse utgiftene vil kome an på kva type oppdrag det dreier seg om og kor utsendinga vil finne stad.

Deltakinga i fellesskapsordninga krev ikkje endringar i nasjonale lover eller forskrifter.

6 Konklusjon og tilråding

Justisdepartementet rår til at Noreg tek del i fellesskapsordninga fordi dette samarbeidet er i samsvar med norske interesser og prioriteringar på området sivil vernebuing. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 135/2002 av 27. september 2002 om endring av protokoll 31 i EØS-avtalen om deltaking for EFTA-EØS-statane i ei fellesskapsordning for sivil krisehandtering.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 135/2002 av 27. september 2002 om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA-EØS-statane i ei fellesskapsordning for sivil krisehandtering i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 135/2002 av 27. september 2002 om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA-EØS-statane i ei fellesskapsordning for sivil krisehandtering

I

Stortinget samtykker i at Noreg deltek i ei avgjerd i EØS-komiteen nr. 135/2002 av 27. september 2002

om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om deltaking for EFTA-EØS-statane i ei fellesskapsordning for sivil krisehandtering.

Vedlegg 1

Avgjerd i EØS-komiteen nr. 135/2002 av 27. september 2002 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

1. Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 111/2002 av 12. juli 2002¹.
2. Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte rådsvedtak 2001/792/EF, Euratom av 23. oktober 2001 om skiping av ei fellesskapsordning for å styrkje samarbeidet om hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuing².
3. Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2003 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I protokoll 31 til avtala vert det gjort følgjande endringar i artikkel 10 (Katastrofevernebuing):

1. Nr. 5 skal lyde:
«EFTA-statane skal delta i fellesskapshandlingsprogrammene og -ordningene som er nevnt i nr. 8.»
2. I nr. 6 og 7 vert »fellesskapshandlingsprogrammene« endra til«fellesskapshandlingsprogrammene og -ordningene» .
3. I nr. 8 skal teksta før strekpunkta lyde:
«Følgende fellesskapsrettsakter, samt rettsakter i henhold til disse, omfattes av denne artikkel:
a. Fellesskapsrettsakter som får anvendelse fra 1. januar 2000 eller tidligere:»

4. I nr. 8 etter bokstav a) skal ny bokstav b) lyde:
«b. Fellesskapsrettsaktersom får anvendelse fra 1. januar 2003:
– 32 001 D 0792: Rådsvedtak 2001/792/EF, Euratom av 23. oktober 2001 om skiping av ei fellesskapsordning for å styrkje samarbeidet om hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuing (TEF L 297 av 15.11.2001, s. 7). For føremåla med denne avtala skal føresegnene i vedtaket gjelde med følgjande tilpassing:
EFTA-statane skal rette meldingar etter artikkel 2 nr. 1 bokstav b) til Kommissjonen.»

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde 28. september 2002, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala³.

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2003.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utferda i Brussel, 27. september 2002.

For EØS-komiteen

Formann

Gunnar Snorri Gunnarsson

Sekretærer for EØS-komiteen

P.K. Mannes

M. Brinkmann

¹ Enno ikkje kunngjerd.

² TEF L 297 av 15.11.2001, s. 7.

³ Forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Vedlegg 2

Rådsvedtak av 23. oktober 2001 om skiping av ei fellesskapsordning for å styrkje samarbeidet om hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuing (2001/792/EF, Euratom)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 308, og til traktaten om skipinga av Det europeiske atomenergifellesskapet, særleg artikkel 203,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen¹,
med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet²,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet³, med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet⁴ og

ut frå desse synsmåtene:

1. Dei tiltaka som Fellesskapet har gjort for å gjennomføre resolusjonen til Rådet av 8. juli 1991 om betre innbyrdes hjelp mellom medlemsstatane i tilfelle naturkatastrofar eller teknologiske katastrofar⁵ har medverka til å verne personar, miljø og eigedom. Det er no naudsynt å sikre eit endå betre vern i tilfelle naturkatastrofar, teknologiske katastrofar, strålingskatastrofar og miljøkatastrofar, medrekna utilsikta havureining, som finn stad både innanfor og utanfor Den europeiske unionen, og å styrkje føresegnene i resolusjonen.
2. Konvensjonen til Den økonomiske kommisjonen for Europa til Dei sameinte nasjonane om verknader over landegrensene av industriulykker, som inneheld føresegner m.a. om førebygging, om førebuing i tilfelle katastrofar, om informasjon til og deltaking av ålmenta, om meldingssystem for industriulykker, om innsats og om innbyrdes hjelp, tok til å gjelde 19. april

2000. Denne konvensjonen vart godkjend av Fellesskapet ved vedtak 98/685/EF⁶.

3. Ei ordning for å styrkje samarbeidet om hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuing kan utfylle det noverande fellesskapsprogrammet for katastrofevernebuing⁷ ved at hjelp vert gjort tilgjengeleg dersom det skulle oppstå større katastrofesituasjonar som krev hastetiltak. Ho vil lette mobiliseringa av innsatsgrupper, sakkunnige og eventuelt andre ressursar gjennom ein styrkt struktur for katastrofevernebuing i Fellesskapet, noko som vil omfatte eit overvåkings- og informasjonssenter i tillegg til eit felles kommunikasjons- og informasjonssystem i tilfelle katastrofar. Ho vil òg gjere det mogleg å samle inn kontrollerte opplysningar om katastrofar med sikte på å overføre dei til medlemsstatane, og å dele dei røynslene som er gjorde i samband med hjelpeaksjonar.
4. Ei slik ordning vil ta tilbørleg omsyn til regelverket til Fellesskapet og internasjonale plikter på dette området. Dette vedtaket bør difor ikkje påverke dei innbyrdes rettane og pliktene som medlemsstatane har i medhald av tosidige eller fleirsidige avtaler om spørsmål som er nemnde i dette vedtaket.
5. Førebygging er særst viktig når det gjeld vern mot naturkatastrofar, teknologiske katastrofar og miljøkatastrofar, og vil krevje at ytterlegare tiltak vert vurderte.
6. Dersom det skulle oppstå eller er fare for at det kan oppstå større katastrofar i Fellesskapet som gjev eller kan gje verknader over landegrensene, eller som kan føre til at det kjem ei oppmoding om hjelp på vegner av éin eller fleire medlemsstatar, bør det meldast frå om katastrofen på ein høveleg måte, eventuelt gjennom eit fastlagt felles og påliteleg kommunikasjons- og informasjonssystem.
7. Det må gjerast førebuande tiltak på medlemsstats- og fellesskapsplan for at innsatsgrupper snøgt skal kunne mobiliserast og verte samord-

¹ TEF C 29 E av 30.1.2001, s. 287.

² Fråsegn gjeven 14. juni 2001 (enno ikkje offentleggjort i TEF).

³ TEF C 139 av 11.5.2001, s. 27.

⁴ TEF C 253 av 12.9.2001, s. 17.

⁵ TEF C 198 av 27.7.1991, s. 1.

⁶ TEF L 326 av 3.12.1998, s. 1.

⁷ Rådsvedtak 1999/847/EF av 9. desember 1999 om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram for katastrofevernebuing (TEF L 327 av 21.12.1999, s. 53).

- na på den smidige måten som krevst, og gjennom eit opplæringsprogram sikre at vurderings- og/eller samordningsgruppene, innsatsgruppene og andre tilgjengelege ressursar om naudsynt skal kunne handle effektivt og utfylle kvarandre. Andre førebunde tiltak kan vere å samle opplysningar om naudsynte medisinske ressursar og fremje bruken av ny teknologi.
8. I samsvar med nærleiksprinsippet vil ei fellesskapsordning kunne støtte og utfylle den nasjonale politikken med omsyn til innbyrdes hjelp på området katastrofevernebuing. Dersom den oppmodande medlemsstaten ikkje har tilstrekkeleg vernebuing i form av tilgjengelege ressursar til å gripe inn på ein passande måte ved ein større katastrofe, kan han styrkje vernebuinga si gjennom ei slik fellesskapsordning.
 9. Ei ordning bør gjere det mogleg å mobilisere og lette samordninga av hjelpeaksjonar, for å medverke til å sikre eit endå betre vern, først og fremst av personar, men òg av kulturarven, og såleis redusere tap av menneskeliv, personskadar, tingsskadar, økonomiske skadar og miljøskadar og gjere måla om sosial utjamning og solidaritet meir handgripelege.
 10. På grunn av dei geografiske, topografiske, sosiale og økonomiske tilhøva sine har dei isolerte og mest fjerntliggjande regionane og einskilde andre område i Unionen ofte visse særtrekk og særskilde krav. Desse særtrekka påverkar dei negativt, noko som gjer det vanskeleg å kome fram til dei med hjelp og hjelpemannskap, og gjer det naudsynt med med særlege tiltak dersom det skulle oppstå ein større katastrofe. Den planlagde fellesskapsordninga vil òg gjere det lettare å handtere slike situasjonar og stette slike krav.
 11. Når det gjeld hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuing som vert utførde utanfor Fellesskapet, bør ei ordning kunne nyttast som eit verktøy for å lette og støtte dei tiltaka som Fellesskapet og medlemsstatane gjer innanfor ramma av den høvesvise kompetansen sin.
 12. Ei slik fellesskapsordning kan, på vilkår som vil verte fastlagde seinare, òg nyttast til å lette og støtte den krisehandteringa som er nemnd i avdeling V i traktaten om Den europeiske unionen.
 13. Hjelpeaksjonar bør anten gjennomførast på sjølvstendig grunnlag eller som del av ein aksjon som vert leidd av ein internasjonal organisasjon, og Fellesskapet bør difor utvikle sam-
- bandet sitt med relevante verdsomfattande eller regionale internasjonale organisasjonar.
14. Ordninga bør vere open for deltaking for søkjarstatane.
 15. For å verkeleggjere måla i traktaten er det naudsynt å betre klarleiken og konsolidere og styrkje dei ulike eksisterande tiltaka innanfor katastrofevernebuing.
 16. Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre dette vedtaket, bør vedtakast i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen⁸.
 17. Bruken av eit felles utval for denne ordninga og for fellesskapsbehandlingsprogrammet for katastrofevernebuing bør kunne sikre at det er samanheng og komplementaritet i gjennomføringa av ordninga.
 18. I traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet og traktaten om skipinga av Det europeiske atomenergifellesskapet er det berre artikkel 308 og 203 som gjev heimel for å gjere dette vedtaket –

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

1. Det vert skipa ei fellesskapsordning (heretter kalla «ordninga») for å styrkje samarbeidet mellom Fellesskapet og medlemsstatane ved hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuing dersom det skulle oppstå eller er fare for at det kan oppstå større katastrofar i Fellesskapet, og som krev hastetiltak.
2. Føremålet med ordninga er å sikre eit betre vern, først og fremst av personar, men òg av miljø og eigeidom, medrekna kulturarven, dersom det skulle oppstå eller er fare for at det kan oppstå større katastrofar, det vil seie naturkatastrofar, teknologiske katastrofar, strålingskatastrofar eller miljøkatastrofar i eller utanfor Fellesskapet, medrekna utilsikta havureining, slik det er fastsett i europaparlaments- og rådsvedtak nr. 2850/2000/EF av 20. desember 2000 om fastsettelse av en fellesskapsramme for samarbeid om utilsiktet eller tilsiktet havforurensning⁹.
 Ordninga påverkar ikkje dei pliktene som følgjer av regelverket til Det europeiske fellesskapet eller Det europeiske atomenergifellesskapet eller gjeldande internasjonale avtaler.
 Hovudføremålet med ordninga er på oppmoding å yte hjelp ved slike katastrofar, og å med-

⁸ TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.

⁹ TEF L 332 av 28.12.2000, s. 1.

verke til ei betre samordning av dei hjelpeaksjonane som medlemsstatane og Fellesskapet utfører, samstundes som det vert teke omsyn til dei særskilde krava til dei isolerte og mest fjernliggjande regionane eller øyane i Fellesskapet.

3. Ordninga omfattar ei rekkje element og tiltak, medrekna
 - registrering av innsatsgrupper og andre hjelpemannskap som er tilgjengelege i medlemsstatane til å gjennomføre hjelpeaksjonar dersom det skulle oppstå katastrofar,
 - utarbeiding og gjennomføring av eit opplæringsprogram for innsatsgrupper og andre hjelpemannskap i tillegg til sakkunnige frå vurderings- og/eller samordningsgrupper,
 - arbeidsgrupper, seminar og forsøksprosjekt om viktige sider ved hjelpeaksjonar,
 - oppnemning og eventuelt utsending av vurderings- og/eller samordningsgrupper,
 - skiping og drift av eit overvakings- og informasjonssystem,
 - skiping og drift av eit felles kommunikasjons- og informasjonssystem i tilfelle katastrofar,
 - andre støttetiltak, som t.d. tiltak for å lette transporten av ressursar som skal nyttast ved hjelpeaksjonar.

Artikkel 2

Dersom det skulle oppstå eller er fare for at det kan oppstå ein større katastrofe i Fellesskapet som gjev eller kan gje verknader over landegrensene, eller som kan føre til at det kjem ei oppmoding om hjelp på vegner av éin eller fleire medlemsstatar, skal den medlemsstaten der katastrofen har skjedd, straks melde frå til

- a. dei medlemsstatane som kan verte omfatta av den aktuelle katastrofen, dersom det ikkje alle-reie er teke omsyn til denne meldingsplikta i medhald av det aktuelle regelverket til Det europeiske fellesskapet eller Det europeiske atomenergifellesskapet eller gjeldande internasjonale avtaler, og
- b. Kommisjonen, dersom det kan ventast ei oppmoding om hjelp gjennom overvakings- og informasjonssenteret, slik at Kommisjonen om naudsynt kan informere dei andre medlemsstatane og mobilisere dei rette tenestene sine.

2. Slik melding skal eventuelt gjevast gjennom kommunikasjons- og informasjonssystemet.

Artikkel 3

For å vere sikre på at dei kan gripe inn på ein effektiv måte dersom det oppstår større katastrofar, skal medlemsstatane

- a. på førehand peike ut, innanfor dei rette tenestene sine og særleg innanfor katastrofevernbeuingstenestene eller andre naudtenester, dei innsatsgruppene som kan vere tilgjengelege for deltaking i slike aksjonar, eller som kan sendast ut på svært kort varsel, vanlegvis innan 12 timar etter at oppmodinga om hjelp vart gjeven, samstundes som det vert teke omsyn til at samansetnaden av gruppa bør vere avhengig av kva slags katastrofe det dreier seg om og kva som krevst i den aktuelle situasjonen,
- b. peike ut sakkunnige som kan tilkallast for å ta del i ei vurderings- og/eller samordningsgruppe i katastrofeområdet,
- c. skaffe relevante allmenne opplysningar om desse mannskapa og dei sakkunnige, og dessutan om dei medisinske ressursane som er nemnde i artikkel 4 bokstav e), innan ein frist på seks månader etter at dette vedtaket er gjort, og straks ajourføre desse opplysningane dersom det er naudsynt,
- d. vurdere om det er mogleg å eventuelt stille andre former for støtte til rådvelde gjennom dei relevante tenestene, som t.d. spesialisert personale og spesialutstyr til å handsame ein særskild katastrofe, og å setje inn ressursar frå ikkje-statlege organisasjonar og andre relevante organ,
- e. for å gjennomføre dette vedtaket, peike ut dei rette styresmaktene og kontaktpunkta og melde frå til Kommisjonen om desse.

Artikkel 4

For å verkeleggjere dei måla og gjennomføre dei tiltaka som er fastsatte i artikkel 1, skal Kommisjonen

- a. som eit ledd i ordninga skipe og drive eit overvakings- og informasjonssenter som skal vere tilgjengeleg og i stand til straks å gripe inn 24 timar i døgnet, og som skal stillast til rådvelde for medlemsstatane og Kommisjonen,
- b. skipe og drive eit påliteleg felles kommunikasjons- og informasjonssenter i tilfelle katastrofar, som gjer kommunikasjon og utveksling av opplysningar mogleg mellom kommunikasjons- og informasjonssenteret og dei kontaktpunkta som medlemsstatane har peikt ut for det føremålet,
- c. gjere det mogleg å mobilisere og på kortast

- mogleg varsel sende ut små grupper med sakkunnige som skal
- gje medlemsstatane, vurderings- og informasjonssenteret og den oppmodande medlemsstaten ei vurdering av situasjonen,
 - om naudsynt lette samordninga av hjelpeaksjonane på staden, og eventuelt vere eit bindeledd til dei rette styresmaktene i den oppmodande staten,
- d. utarbeide eit opplæringsprogram som skal betre samordninga av hjelpeaksjonar innanfor katastrofevernebuing ved å sikre at det er samverknaad og komplementaritet mellom dei innsatsgruppene som er nemnde i artikkel 3 bokstav a), eller eventuelt andre hjelpemannskap som er nemnde i artikkel 3 bokstav b), og ved å betre vurderingsevna til dei sakkunnige. Programmet bør omfatte felles kurs og øvingar i tillegg til ei utvekslingsordning som gjer det mogleg å utplassere einskildpersonar til teneste i andre medlemsstatar,
- e. samle opplysningar om kva kapasitet medlemsstatane har til å halde ved lag produksjonen av serum og vaksinar eller andre naudsynte medisinske ressursar, og om kva lager som kan gjerast tilgjengelege dersom det skulle oppstå større katastrofar, og samle desse opplysningane i informasjonssystemet,
- f. skipe eit program på grunnlag av dei røynslene som er gjorde i samband med ordninga, og spreie desse røynslene gjennom informasjonssystemet,
- g. stimulere og oppmuntre til bruk av ny teknologi innanfor ordninga, medrekna meldings- og alarmsystem, informasjonsutveksling, bruk av satellitteknologi og støtte til avgjerdstaking i samband med handtering av katastrofar,
- h. gjere tiltak for å lette transporten av ressursar til hjelpeaksjonar og andre støttetiltak.
- katastrofen og spreie dei til medlemsstatane, eller
- b. direkte frå dei andre medlemsstatane.
 2. Ein medlemsstat som vert oppmoda om å hjelpe, skal snøgt avgjere om han er i stand til å gje den hjelpa som krevst og melde frå til den oppmodande medlemsstaten om dette, anten gjennom overvakings- og informasjonssenteret eller direkte, og deretter, alt etter omstenda, melde frå til senteret og opplyse om omfanget av og vilkåra for den hjelpa han kan gje.
 3. Den oppmodande medlemsstaten er ansvarleg for å leie hjelpeaksjonane. Styresmaktene i den oppmodande medlemsstaten skal fastsetje retningslinjene og om naudsynt rammene for dei oppgåvene som innsatsgruppene er vortne pålagde, utan å gje detaljar om korleis dei er utførde, noko som skal overlatast til den personen som den hjelpeytande medlemsstaten har peikt ut som ansvarleg.
 4. Den oppmodande medlemsstaten kan be innsatsgruppene om å leie aksjonen på vegner av medlemsstaten. I slike tilfelle skal gruppene frå medlemsstatane og Fellesskapet leggje vinn på å samordne innsatsen sin.
 5. Vurderings- og/eller samordningsgruppa bør lette samordninga mellom innsatsgruppene, og eventuelt vere eit bindeledd til dei rette styresmaktene i den oppmodande medlemsstaten.

Artikkel 6

Føresegnene i artikkel 5 kan på oppmoding òg nyttast på aksjonar som vert gjennomførde utanfor Fellesskapet. Desse hjelpeaksjonane kan anten utførast på sjølvstendig grunnlag, eller vere ein del av ein aksjon som vert leidd av ein internasjonal organisasjon.

Dei hjelpeaksjonane innanfor katastrofevernebuing som vert gjennomførde utanfor Fellesskapet innanfor ramma av denne ordninga, skal samordnast av den medlemsstaten som har formannskapet i Rådet for Den europeiske unionen.

Artikkel 7

Ordninga skal vere open for deltaking for

- søkjarstatane i Sentral- og Aust-Europa i samsvaret med dei vilkåra som er fastsette i dei europeiske avtalene, i tilleggsprotokollane deira og i avgjerdene til dei høvesvise assosieringsråda,
- Kypros, Malta og Tyrkia på grunnlag av tosidinge avtaler som skal inngåast med desse statane.

Artikkel 5

1. Når det oppstår ein katastrofe i Fellesskapet, kan ein medlemsstat på ein mest mogleg spesi-fikk måte oppmode om hjelp
 - a. frå dei andre medlemsstatane gjennom overvakings- og informasjonssenteret. Når Kommisjonen har motteke ei slik oppmoding, skal han straks og på høveleg vis
 - sende vidare oppmodinga til kontaktpunkta i dei andre medlemsstatane,
 - lette mobiliseringa av innsatsgrupper, sakkunnige og andre hjelpemannskap,
 - samle inn kontrollerte opplysningar om

Artikkel 8

1. Kommisjonen skal gjennomføre dei tiltaka som høyrer inn under ordninga, i samsvar med dei framgangsmåtane som er nemnde i artikkel 9 nr. 2.
2. Kommisjonen skal òg i medhald av dei framgangsmåtane som er nemnde i artikkel 9 nr. 3, fastsetje felles reglar, sæleg med omsyn til
 - a. dei ressursane som vert stilte til rådvelde ved ein hjelpeaksjon, i samsvar med artikkel 3,
 - b. overvåkings- og informasjonssenteret, i samsvar med artikkel 4 bokstav a),
 - c. det felles kommunikasjons- og informasjonssystemet, i samsvar med artikkel 4 bokstav b),
 - d. vurderings- og/eller samordningsgruppene, i samsvar med artikkel 4 bokstav c), medrekna kriteria for utveljing av sakkunnege,
 - e. opplæringsprogrammet, i samsvar med artikkel 4 bokstav d),
 - f. opplysningar om medisinske ressursar, i samsvar med artikkel 4 bokstav e),
 - g. aksjonar som vert gjennomførde innanfor Fellesskapet på grunnlag av resolusjonen av 8. juli 1991, i tillegg til aksjonar som vert gjennomførde utanfor Fellesskapet, i samsvar med artikkel 6.

Artikkel 9

1. Kommisjonen skal få hjelp av det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 4 nr. 1 i vedtak 1999/847/EF.

2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 4 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast. Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 4 nr. 3 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere tre månader.
3. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 5 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast. Det tidsrommet som er fastsett i artikkel 5 nr. 6 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere tre månader.
4. Utvalet fastset møteføresegnene sine.

Artikkel 10

Kommisjonen skal vurdere gjennomføringa av dette vedtaket kvart tredje år frå dagen då det tok til å gjelde, og leggje fram konklusjonane frå denne vurderinga for Europaparlamentet og Rådet saman med eventuelle framlegg til endringar av vedtaket.

Artikkel 11

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. januar 2002.

Artikkel 12

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Luxembourg, 23. oktober 2001.

For Rådet

A. NEYTS-UYTTEBROECK

Formann



